

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

# Desisjon av møtebøkene i fylkesutvalet og hovudutvala

Gjennomgang basert på stikkprøvekontroll av møtebøkene frå  
fylkesutvalet og hovudutvala 2016

Sekretariatet for kontrollutvalet  
15.05.2017

## Innhald

1	Innleiing .....	4
1.1	Bakgrunn.....	4
1.2	Føremål og problemstillingar .....	4
2	Metode .....	4
2.1	Dokumentanalyse .....	4
2.2	Kontrollerte vedtak.....	4
2.3	Uttale .....	5
3	Kontrollkriterium.....	5
4	Vedtak og vurderingar .....	5
4.1	Fylkesutvalet (4 saker).....	5
4.1.1	Sak 12/16 – Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling, PSA – fordeling I .....	5
4.1.2	Sak 37/16 - Budsjett 2016 – Fylkesrådmannen sine fullmakter i høve til plansjefstillinga.....	6
4.1.3	Sak 44/16 – Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond 2016.....	7
4.1.4	Sak 83/16 – Sal ballbingeområde Aurland og kjøp av naust Opplysningsvesenets fond.....	7
4.1.5	Sak 112/16 - Strategisk plan for kysten – vedtak av planprogram .....	8
4.2	Hovudutval for opplæring (1 sak) .....	9
4.2.1	Sak 07/16 – Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring.....	9
4.3	Hovudutval for samferdsle (1 sak) .....	9
4.3.1	Sak 11/16 – Søknad om ruteløyve Flåm – Gudvangen, Lustrabaatane .....	9
4.4	Hovudutval for næring og kultur (1 sak) .....	9
4.4.1	Sak 3/16 – Prioriteringar for tildeling av kulturmidlar 2016 .....	9
4.4.2	Sak 11/16 – Omstillingsstatus og omstillingsløyvingar 2016 .....	10
4.4.3	Sak 36/16 – INU-FSF - Handlingsplan 2016 og årsrapport 2015.....	11
5	Oppsummering .....	11

[Vedlegg 1](#) – Oversending av vurderingar frå Advokat Kjetil Kvammen

[Vedlegg 2](#) – Uttale frå fylkesrådmannen

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i 2013 å gje kontrollsjefen i oppdrag å gjennomføre framtidige stikkprøvekontrollar av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala med innleidd kompetanse der kontrollsjefen vurderer det som nødvendig.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med stikkprøvekontrollen er å kontrollere

1. om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
2. om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
3. om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

# 2 Metode

Kontrollsjefen har gjennomført saka ved å gjere førebuande arbeid som å lage oversikt over saker som er handsama i dei forskjellige utvala, gjere uttrekket av saker til stikkprøvekontrollen og skrive rapporten på grunnlag av undersøkinga. Vurderingane av vedtaka i dei utvalde sakene i høve til punkta i føremålet er utført av advokat Kjetil Kvammen. Brevet frå Kvammen er lagt ved saka som vedlegg 1.

## 2.1 Dokumentanalyse

Det vart i 2016 gjennomført 22 møte i fylkesutvalet, der det vart gjort 88 endelege vedtak. Hovudutvalet for opplæring gjennomførte 9 møte og det vart gjort 18 endelege vedtak. Hovudutval for næring og kultur gjennomførte 10 møte med 75 endelege vedtak. Tala for hovudutval for samferdsle var 9 møte med 27 endelege vedtak.

## 2.2 Kontrollerte vedtak

Det er trekt ut 10 saker til stikkprøvekontrollen. Fem av sakene er frå fylkesutvalet, ei sak er frå hovudutval for opplæring, ei frå hovudutval for samferdsle og tre av sakene er frå hovudutval for næring og kultur:

### Fylkesutvalet

Kap.nr	Sak nr	Sak
<a href="#">4.1.1</a>	12/16	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling, PSA – fordeling I
<a href="#">4.1.2</a>	37/16	Budsjett 2016 – Fylkesrådmannen sine fullmakter i høve til plansjefstillinga
<a href="#">4.1.3</a>	44/16	Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond 2016
<a href="#">4.1.4</a>	83/16	Sal ballbingeområde Aurland og kjøp av naust Opplysningsvesenets fond
<a href="#">4.1.5</a>	112/16	Strategisk plan for kysten – vedtak av planprogram

### Hovudutval for opplæring

Kap.nr	Sak nr	Sak
<a href="#">4.2.1</a>	07/16	Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring

### Hovudutval for samferdsle

Kap.nr	Sak nr	Sak
<a href="#">4.3.1</a>	11/16	Søknad om ruteløyve Flåm – Gudvangen, Lustrabaatane

## Hovudutval for næring og kultur

Kap.nr	Sak nr	Sak
<a href="#">4.4.1</a>	3/16	Prioriteringar for tildeling av kulturmidlar 2016
<a href="#">4.4.2</a>	11/16	Omstillingsstatus og omstillingsløyvingar 2016
<a href="#">4.4.3</a>	36/16	INU-FSF – Handlingsplan 2016 og årsrapport 2015

### 2.3 Uttale

Fylkesrådmannen har hatt uttalen tilhøyring. Fylkesrådmannen skriv i høyringsuttalen at han er samd i vurderingane som er gjort i FU-sak 12/16 – Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling, PSA – fordeling I. Det vert også uttrykt semje i vurderingane gjort i FU-sak 112/16 – Strategisk plan for kysten – vedtak av planprogram. Det vert også påpeikt frå fylkesrådmannen at tal saker frå fylkesutvalet som er kontrollert ikkje stemmer med det som står i punkt 2.2 og 4.1 i rapporten. Det skulle stå fem saker i desse punkta, og det er retta i den rapporten som ligg ved saka.

Utover det hadde ikkje fylkesrådmannen merknadar til rapportutkastet.

Fylkesrådmannen sin uttale er vedlagt rapporten (vedlegg 2).

## 3 Kontrollkriterium

Kontrollkriterium er dei krav og forventningar som vedtaka vert kontrollert opp mot. I denne stikkprøvekontrollen er dei innsamla data vurdert opp mot delegerings- og innstillingsreglement (sjå portalen), budsjettreglement (vedteke i FT-sak 68/15), reglement for politiske utval (sjå portalen), aktuelt lov- og regelverk, budsjettvedtak, føremål og rammene av vedtak i fylkestinget.

## 4 Vedtak og vurderingar

### 4.1 Fylkesutvalet (5 saker)

#### 4.1.1 Sak 12/16 – Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling, PSA – fordeling I

##### Vedtak:

1. Fylkeskommunen løyver kr 300 000 for 2016 og 2017 til Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark sitt prosjekt «Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken». Finansieringa vert gjort med kr 150 000 frå teneste 70190 Andre næringsområde (2015-løyving) og kr 150 000 frå teneste 7164 Friluftsliv.
2. Fylkeskommunen løyver kr 100 000 til CISV Sogn og Fjordane til «Internasjonal Barneleir Kaupanger 2016». Finansieringa vert gjort med budsjettmidlar frå teneste 7157 Internasjonalt arbeid.
3. Fylkeskommunen løyver kr 50 000 til Norsk Bremuseum og «Klimaseminar i samband med 25-års jubileum». Finansieringa vert gjort med budsjettmidlar frå teneste 7163 Utviklingsarbeid klima.

4. Fylkeskommunen løyver kr 25 000 til Stiftinga Norsk Hjortesenter sitt seminar «Hjort 2016 – arena hjorteforvaltning». Finansieringa vert gjort med budsjettmidlar frå teneste 7164 Vilt og fiskeforvaltning.
5. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å setje nærare vilkår for tildelingane.

-----//-----

Fylkesutvalet fann Åshild Kjelsnes ugild til å delta ved handsaminga av punkt 1 i fylkesrådmannen si tilråding til vedtak.

#### **Vurdering:**

Det er m.a. gjort løyving kr. 300.000 for 2016 og 2017 til prosjekt under Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Løyvinga er samfinansiert med Næringsavdelinga som har finansiert kr. 150.000 med 2015-midlar. Det kan røysast spørsmål om overføringa av midlar frå eit år til eit anna, jfr. tilhøvet til delegeringsreglementet pkt. 1.4. der det heiter at «Berre fylkestinget kan dispoenere unytta løyvingar som følgje av at nye tiltak ikkje vert sette i verk i budsjettåret».

Overføringa er gjort av KMD-midlar til regional utvikling.

Fylkeskommunane sitt forvaltaransvar for desse midlane følgjer av forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler (av 11.12.2013 nr. 1574) som gjaldt på vedtakstidspunktet. I KMD sine retningslinjer frå 01.01.2015 heiter det i punkt 1.4: «Fylkeskommunen har fullmakt til å: a) Bestemme i hvilket år tilsagnet skal gis.»

Vedkomande pkt. 1 - 5 i vedtaket:

Fullmakta for fylkesutvalet følgjer av pkt. 2.3.5, jfr. pkt. 2.3.4, i budsjettreglementet.

Tillegg vedkomande pkt. 1 i vedtaket:

Det er tilrådd at løyvingane i saka skal vedtakast av fylkesutvalet.

Etter punkt 4.9 i delegerings- og innstillingsreglementet har «hovudutvalet for næring og kultur» mynde til å fordele statlege tilskot til verdsarvtiltak.

Dette må samstundes tolkast som ei fullmakt for overordna organ, fylkesutvalet, jfr. prinsippet i delegerings- og innstillingsreglementet pkt. 2.5 om rett til å la vere å bruke delegert mynde.

#### **4.1.2 Sak 37/16 - Budsjett 2016 – Fylkesrådmannen sine fullmakter i høve til plansjefstillinga**

##### **Vedtak:**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte 1,550 mill. kr sett av til arbeid med regionalt plan - og utviklingsarbeid. Større einskildløyvingar eller løyvingar av prinsipiell art skal gå til fylkes utvalet for avgjerd.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte 1,450 mill. kr til tiltak i tråd med handlingsprogrammet for klima og miljø.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte overførte midlar frå 2015 innfor satsingsområda i budsjettet.

4. Fylkesrådmannen skal hausten 2016 rapportere til fylkesutvalet på korleis fullmakta er blitt nytta.

#### **Vurdering**

Pkt. 1-4 i vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet pkt. 2.3.4.

### **4.1.3 Sak 44/16 – Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond 2016**

#### **Vedtak:**

Følgjande får støtte frå fylkeskommunalt ENØK - fond i 2016:

1. Luster kommune får inntil kr. 731 539.
2. Jølster kommune får inntil kr. 120 750.
3. Bremanger kommune får inntil kr. 61 072.
4. Fjordvarme AS får inntil kr. 100 000.
5. Energikompetansesenteret AS får inntil kr. 200 000
6. Hyllestad kommune får inntil kr. 137 500 .
7. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får inntil kr. 200 000.
8. Eid vidaregåande skule får inntil kr. 300 000.

Frist for realisering er 15.12.2017 og for sluttrapport 31.12.2017.

#### **Vurdering:**

Tildelingane, jfr. vedtaket pkt. 1-8 er i samsvar med fondet sine vedtekter, pkt. 7).

Det går der fram at det er fylkesutvalet som skal forvalte fondsmidlane.

### **4.1.4 Sak 83/16 – Sal ballbingeområde Aurland og kjøp av naust Opplysningsvesenets fond**

#### **Vedtak:**

1. Fylkesutvalet godkjenner at areal på 3,1 daa regulert til friområde ved Aurland barne – og ungdomsskule vert overdrege til Aurland kommune for 0,3 mill. kr.
2. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen kjøper naust i Aurland sentrum frå Opplysningsvesenets Fond for 0,1 mill. kr.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å g jennomføre salet og kjøpet som skissert over.
4. Salssummen vert nytta til opprusting av naustet samt naudsynte eigedomsfrådelingar og gebyr.
5. Fylkesutvalet legg til grunn at kommunestyret i Aurland og opplysningsvesenets Fond gjer vedtak som er i samsvar med dette.

#### **Vurdering:**

Punkta 1-5 i vedtaket er i samsvar med punkt 4.4 i delegerings- og innstillingsreglementet.

Det nemnde punktet omhandlar mynde for fylkesutvalet til å gjere disposisjonar over fast eigedom.

#### 4.1.5 Sak 112/16 - Strategisk plan for kysten – vedtak av planprogram

##### **Vedtak:**

1. Planprogram for Strategisk plan for kysten 2018 - 2029 for Sogn og Fjordane vert vedteke, jf. plan - og bygningslova § 8 - 3, med slik endring i pkt. 4.2.4: Tilføyning under punktet «Korleis»: « ...inkl. havromsteknologi».
2. Det vidare arbeidet vert organisert i samsvar med fylkesrådmannen si saksframstilling.
3. Fylkesrådmannen får vidare i oppgåve å omforeine finansieringa av planarbeidet med alle kommunane etter vedtak av planprogrammet , inkl. det å få på plass ein prosjektleiar.
4. Fylkesutvalet vil særleg peike på at planen bør utarbeide strategiar for viktige fellesutfordringa og grenseoverskridande tiltak hos kystkommunane. T.d.: Tema som bustad - og næringspolitikk i 100 - metersbeltet, samferdsel, sambindingsvegar, mobil – og breidbandsdekking.
5. Kystverket og Statens veg vesen må vere representert i referansegruppa.

##### **Vurdering:**

Fylkesutvalet er etter reglementet for utvalet, § 4 femte ledd, «planutval i arbeidet med regionale plansaker». Høvet til delegasjon på dette området har avgrensingar.

Det går fram av plan- og bygningslova § 3-4 andre, jfr. fjerde ledd, at fylkestinget som regional planmynde ikkje kan delegere kompetansen til å vedta regional plan. Det vert lagt til grunn at dette også gjeld det overordna ansvaret for regional planstrategi og regionalt handlingsprogram, jfr. KMD sin veileidar T-1495 pkt. 2.1 (Miljøverndepartementet september 2011).

Det ser av saksutgreiinga ut for at arbeidet med planprogrammet i nokon grad inneheld føringar for regionale planstrategiar. Det er naturleg å vurdere om dette influerer på tilhøvet til delegasjonsforbodet.

Av andre tilgrensande reglar kan nemnast at delegerings- og innstillingsreglementet pkt. 3.36 gir fylkesutvalet «mynde etter § 8-3 til å sende framlegg til plandokument på høyring». Og etter reglementet er «Mynde etter § 8-5 til å fastsetje regional planføresegn» også delegert til fylkesutvalet. «Regional planføresegn» har referanse til retningslinjer for arealbruk i en regional plan, jfr. § 8-5 i lova.

Vedtak av planprogram som grunnlag for oppstart av arbeid med regional plan skjer med heimel i plan- og bygningslova § 4-1. I siste punktum heiter det: «Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten».

I KMD sin kommentar til plandelen av lova § 11- 13 heiter det tilsvarande for kommunar: «Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegere myndigheten i samsvar med kommunelovens reglar.»

Utfrå dette vert det lagt til grunn at planprogram fell utanfor delegasjonsforbodet i plan- og bygningslova og at punkta 1-3 i vedtaket er i samsvar med reglement for fylkesutvalet, § 4.

## 4.2 Hovudutval for opplæring (1 sak)

### 4.2.1 Sak 07/16 – Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring

**Vedtak:**

Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2016/2017 vert vedteken slik den ligg føre.

**Vurdering:**

Vedtaket er i samsvar med pkt. 1.4.4 i delegerings- og innstillingsreglementet, jfr. reglement for hovudutval for opplæring, § 2.

## 4.3 Hovudutval for samferdsle (1 sak)

### 4.3.1 Sak 11/16 – Søknad om ruteløyve Flåm – Gudvangen, Lustrabaatane

**Vedtak:**

Lustrabaatane får tildelt ruteløyve på strekninga Flåm – Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.05.16 til 30.09.25.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.05 – 30.09.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjedande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Det må ligge føre skriftleg avtale mellom Lustrabaatane og eigar av dei ulike kaiane på dei kløkkesletta det vert søkt om ruteløyve.

**Vurdering:**

Vedtaket er i samsvar med pkt. 3.23 nr. 2 i delegerings- og innstillingsreglementet.

## 4.4 Hovudutval for næring og kultur (1 sak)

### 4.4.1 Sak 3/16 – Prioriteringar for tildeling av kulturmidlar 2016

**Vedtak:**

1. Avsette tilskotsmidlar på kr 4 214 000 for 2016 vert fordelt slik:
  - Til fordeling på fylkesdekkande kulturorganisasjonar; 1 800 000 kr
  - Til festivalar, scenekunstarrangement, o.l.; 800 000 kr
  - Til kulturarrangement/tiltak av fylkesdekkande karakter; 300 000 kr
  - Oppfølging av avtaler, samarbeidstiltak, m.m.; 1 100 000 kr



- Til stipend, prisar, m.m.; 200 000 kr
2. Avsette midlar på kr 1 075 000 til utviklingarbeid innan kultur vert disponert til større og nyskapande kulturtiltak og som eigenandel i fylkeskommunen si satsing på utviklingsavtaler.
  3. Fylkesrådmannen får delegert fullmakt til å vidarefordele dei fylkeskommunale midlane på enkeltsøknader og tiltak i tråd med føremålet. Endeleg tildeling vert rapportert til hovudutval for næring og kultur.
  4. Fylkesdirektøren vert beden om å gå gjennom tilskotsordningane for fylkeskommunale kulturmidlar, og komme tilbake til hovudutvalet med ei sak om justeringar/endingar av desse med tanke på å målrette og spisse fylkeskommunen sine økonomiske verkemiddel innan kultur.

#### Vurdering:

Pkt. 1-3 i vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet pkt. 2.5.6.

Pkt. 4 er i samsvar med pkt. 1.4.4 i delegerings- og innstillingsreglementet.

#### 4.4.2 Sak 11/16 – Omstillingsstatus og omstillingsløyvingar 2016

##### Vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Askvoll** kommune ei løyving på inntil 1 800 000 kr til omstillingsarbeidet i 2016. Unytta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2016. I omstillingsperioden skal kommunalt næringsfond forvalta av omstillingsstyret i samsvar med avtale inngått mellom Askvoll kommune og fylkeskommunen ved oppstart av omstillingsarbeidet.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune reknar 2013 som Lærdal sitt første omstillingsår. Fylkeskommunen gjev **Lærdal kommune** omstillingsstatus for åra 2016, 2017 og 2018.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal kommune** ei løyving på inntil 3 000 000 kr til omstillingsarbeidet i 2016. Unytta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2016.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad kommune** ei løyving på inntil 850 000 kr til eit pilotprogram innafor områda samfunnsentreprenørskap, kommunikasjon og lokalt identitets- og samfunnsutviklingsarbeid. Programmet skal sikre at arbeidsmetodar og utviklingsverktøy nytta i omstillingsperioden vert vidareutvikla og tilpassa framtidig bruk i utviklinga av kommunen og næringslivet. Tilskotet omfattar også ein forstudie på området velferdsteknologi.
5. Midlane i punkt 1,3 og 4 vert dekkja slik: 5 300 000 kr vert dekkja med avsette budsjettmidlar for 2016, tenesteområde 7015 Nyskaping. 350 000 kr vert dekkja med omstillingsmidlar som fylkeskommunen har disponible frå tidlegare år.

##### Vilkår for omstillingsløyvinga

- Det skal leggjast vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt

- All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentlig støtte til næringslivet
- Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet

**Vurdering:**

Pkt. 1 og pkt. 3-5 er i samsvar med reglementet for hovudutval for næring og kultur § 3 A) som gir utvalet rett til å «Styre forvaltninga av budsjetterte midlar på eigen sektor».

Pkt 2 er i samsvar med budsjettreglementet pkt. 2.5.6.

#### 4.4.3 Sak 36/16 – INU-FSF - Handlingsplan 2016 og årsrapport 2015

**Vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner årsrapporten for 2015 frå den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga for kommunane Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF).
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner handlingsplanen til INU-FSF for 2016.
3. INU - FSF får 20,8 mill. kr inkl. renter for 2015 på kr. 2 051 086 og overførte restmidlar på kr. 74 790.
4. Innovasjon Norge får 1,25 mill. kr til bedriftsretta tiltak.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 1,25 mill. kr til oppfølgingsarbeidet av reiselivsplanen.
6. Det vert sett av 1 mill. kr til administrasjon av søknadane. Dette er 300 000 kr til fylkeskommunen, og 700 000 kr vert forvalta av NHO.
7. Midlane skal forvaltast etter same regelverk som midlar disponible for hovudutval for næring og kultur.
8. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme tildelingsbrevet til styret for INU-FSF og Innovasjon Norge. Fylkesrådmannen får òg fullmakt til å forvalte midlane sett av til administrasjon av ordninga.

\*\*\*\*\*

Karen Marie Hjelmæsæter gjekk frå som ugild under handsaming av saka.

**Vurdering:**

Pkt. 1- 8 i vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet pkt. 2.5.6, jfr. dessutan KMD sitt tildelingsbrev av 25.02.2016 for 2016 til fylkeskommunen.

Pkt. 5 og 8 er i samsvar med § 3 D) i reglementet for hovudutval for næring og kultur.

## 5 Oppsummering

Advokaten har vurdert vedtaka i 10 saker frå fylkesutvalet og hovudutvala, og har ikkje avdekka avvik i nokon av sakene.

Advokat Kvammen peikar på at overføringa av midlar frå 2015 til 2016 i pkt. 1 i vedtak i FU-sak 12/16 gjeld då fylkeskommunen iflg. KMD sine retningslinjer kan bestemme i kva år tilsegn om midlar kan gjevast.

Kvammen konkluderer med at vedtaket i FU-sak 112/16 er i samsvar med reglementet etter ei vurdering av saka opp mot delegeringsreglementet.

## **Vedlegg 1 – Vurderingar av vedtak - Brev frå Advokat Kjetil Kvammen**

# ADVOKAT KJETIL KVAMMEN

MEMBER  Advokatforeningen

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Kontrollutvalet v/kontrollsjefen  
Askedalen 2, 6863 Leikanger

E-POST: [advokat@kvammen.no](mailto:advokat@kvammen.no)  
6239 SYKKYLVEN, 26. april 2017  
POSTBOKS 231 FIL:20170426 - rapport

Advokatsekretær  
Mary Heggem  
E-post: [mary@kvammen.no](mailto:mary@kvammen.no)

Deres ref.:

Att.: Kontrollsjef Einar Ulla

Vår ref.: KK/217006-1

## Gjennomgang og vurderingar knytt til vedtak i fylkesutvalet og hovudutval i 2016

Med vising til bestilling og oppdrag vert resultatet av gjennomgangen med dette oversendt:

### 1. Fylkesutvalet

#### 1.1. Sak FU 12-16 Tilskot til næring- og samfunnsutvikling, PSA - fordeling I

Det er m.a. gjort løyving kr. 300.000 for 2016 og 2017 til prosjekt under Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Løyvinga er samfinansiert med Næringsavdelinga som har finansiert kr. 150.000 med 2015-midlar. Det kan røysast spørsmål om overføringa av midlar frå eit år til eit anna, jfr. tilhøvet til delegeringsreglementet pkt. 1.4. der det heiter at «Berre fylkestinget kan disponere unytta løyvingar som følge av at nye tiltak ikkje vert sette i verk i budsjettåret».

Overføringa er gjort av KMD-midlar til regional utvikling.

Fylkeskommunane sitt forvaltaransvar for desse midlane følgjer av forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler (av 11.12.2013 nr. 1574) som gjaldt på vedtakstidspunktet. I KMD sine retningslinjer frå 01.01.2015 heiter det i punkt 1.4: «Fylkeskommunen har fullmakt til å: a) Bestemme i hvilket år tilsagnet skal gis.»

Vedkomande pkt. 1 - 5 i vedtaket:

Fullmakta for fylkesutvalet følgjer av pkt. 2.3.5, jfr. pkt. 2.3.4, i budsjettreglementet.

Tillegg vedkomande pkt. 1 i vedtaket:

Det er tilrådd at løyvingane i saka skal vedtakast av fylkesutvalet.

Etter punkt 4.9 i delegerings- og innstillingsreglementet har «hovudutvalet for næring og kultur» mynde til å fordele statlege tilskot til verdsarvtiltak.

Dette må samstundes tolkast som ei fullmakt for overordna organ, fylkesutvalet, jfr. prinsippet i delegerings- og innstillingsreglementet pkt. 2.5 om rett til å la vere å bruke delegert mynde.

Side 1 av 3

---

ADVOKAT KJETIL KVAMMEN M.N.A. ♦ <http://www.kvammen.no>  
TELEFON: 7025 4800 MOBIL: 916 81770 ♦ TELEFAX: 7025 4801 ♦ ORG.NR.: 971 209 577 MVA  
SPAREBANKEN MØRE: 4045.05.06984 - KLIENTKONTI: ORDINÆR: 4045.09.41559 -  
KLIENTKONTO INKASSO: 4045.09.41532 - KLIENTKONTO EIEND.MEGLING: 4045.09.41540

Søknadene gjeld ikkje støtte til næringsverksemd og forboda gjennom EØS-avtalen om konkurransevridande offentlig støtte er difor ikkje aktuelle.

1.2. Sak FU 37-16 Budsjett 2016 - Fylkesrådmannen sine fullmakter i høve plansjefstillinga

Pkt. 1-4 i vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet pkt. 2.3.4.

1.3. Sak FU 44-16 Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond 2016

Tildelingane, jfr. vedtaket pkt. 1-8 er i samsvar med fondet sine vedtekter, pkt. 7).

Det går der fram at det er fylkesutvalet som skal forvalte fondsmidlane.

1.4. Sak FU 83-16 Sal ballbingeområde Aurland og kjøp av naust Opplysningsvesenets fond

Punkta 1-5 i vedtaket er i samsvar med punkt 4.4 i delegerings- og innstillingsreglementet.

Det nemnde punktet omhandlar mynde for fylkesutvalet til å gjere disposisjonar over fast eigedom.

1.5. Sak FU 112-16 Stategisk plan for kysten - vedtak av planprogram

Fylkesutvalet er etter reglementet for utvalet, § 4 femte ledd, «planutval i arbeidet med regionale plansaker». Høvet til delegasjon på dette området har avgrensingar.

Det går fram av plan- og bygningslova § 3-4 andre, jfr. fjerde ledd, at fylkestinget som regional planmynde ikkje kan delegere kompetansen til å vedta regional plan. Det vert lagt til grunn at dette også gjeld det overordna ansvaret for regional planstrategi og regionalt handlingsprogram, jfr. KMD sin veileidar T-1495 pkt. 2.1 (Miljøverndepartementet september 2011).

Det ser av saksutgreiinga ut for at arbeidet med planprogrammet i nokon grad inneheld føringar for regionale planstrategiar. Det er naturleg å vurdere om dette influerer på tilhøvet til delegasjonsforbodet.

Av andre tilgrensande reglar kan nemnast at delegerings- og innstillingsreglementet pkt. 3.36 gir fylkesutvalet «mynde etter § 8-3 til å sende framlegg til plandokument på høyring». Og etter reglementet er «Mynde etter § 8-5 til å fastsetje regional planføresegn» er også delegert til fylkesutvalet. «Regional planføresegn» har referanse til retningslinjer for arealbruk i en regional plan, jfr. § 8-5 i lova.

Vedtak av planprogram som grunnlag for oppstart av arbeid med regional plan skjer med heimel i plan- og bygningslova § 4-1. I siste punktum heiter det: «Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten».

I KMD sin kommentar til plandelen av lova § 11- 13 heiter det tilsvarande for kommunar: «Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegere myndigheten i samsvar med kommunelovens regler.»

Utfrå dette vert det lagt til grunn at planprogram fell utanfor delegasjonsforbodet i plan- og bygningslova og at punkta 1-3 i vedtaket er i samsvar med reglement for fylkesutvalet, § 4.

## **2. Hovudutval for opplæring**

### 2.1. Sak HO 07-16 Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring

Vedtaket er i samsvar med pkt. 1.4.4 i delegerings- og innstillingsreglementet, jfr. reglement for hovudutval for opplæring, § 2.

## **3. Hovudutval for samferdsle**

### 3.1. Sak HS 11-16 Søknad om ruteløyve Flåm - Gudvangen, Lustrabaatane

Vedtaket er i samsvar med pkt. 3.23 nr. 2 i delegerings- og innstillingsreglementet.

## **4. Hovudval for næring og kultur**

### 4.1. Sak HNK 3-16 Prioriteringar for tildeling av kulturmidlar 2016

Pkt. 1-3 i vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet pkt. 2.5.6.

Pkt. 4 er i samsvar med pkt. 1.4.4 i delegerings- og innstillingsreglementet.

### 4.2. Sak HNK 11-16 Omstillingsstatus og omstillingsløyvingar 2016

Pkt. 1 og pkt. 3-5 er i samsvar med reglementet for hovudutval for næring og kultur § 3 A) som gir utvalet rett til å «Styre forvaltninga av budsjetterte midlar på eigen sektor»

Pkt. 2 er i samsvar med budsjettreglementet pkt. 2.5.6.

### 4.3. Sak HNK 36-16 INU-FSF - Handlingsplan 2016 og årsrapport 2015

Pkt. 1- 8 i vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet pkt. 2.5.6, jfr. dessutan KMD sitt tildelingsbrev av 25.02.2016 for 2016 til fylkeskommunen.

Pkt. 5 og 8 er i samsvar med § 3 D) i reglementet for hovudutval for næring og kultur.

Med vennleg helsing



Kjetil Kvammen

## **Vedlegg 2 – Uttale frå fylkesrådmannen**





SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Side 1 av 1

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:

Karianne Holmboe Askeland  
E-post: Karianne.Holmboe.Askeland@sfj.no  
Tlf.:

Vår ref.

Sak nr.: 17/2786-16

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.  
19234/17

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 11.05.2017

Sekretariatet for kontrollutvalet  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

## Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016 - fråsegn frå fylkesrådmannen

Eg viser til oversending frå kontrollsjefen 4. mai 2017.

Fylkesrådmannen har slik uttale til utkastet til rapport:

- **4.1.1 FU-sak 12/16 – Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling, PSA – fordeling I:** Fylkesrådmannen er samd i vurderinga av vedtaket i sak 12 /16 – Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling, PSA – fordeling I.

Det følgjer av KMD sine retningslinjer punkt 1.4 at fylkeskommunen kan «bestemme i hvilket år tilsagnet skal gis». Midlane frå 2015 er difor ikkje å rekne som «unyttå løyving» etter punkt 1.4 i delegeringsregelverket, og det er riktig at fylkesutvalet hadde kompetanse til å fatte vedtaket om tilskot.

- **4.1.5 FU-sak 112/16 – Strategisk plan for kysten – vedtak av planprogram:** Fylkesrådmannen er samd i at det ikkje ligg føre brot på noko delegeringsforbod i denne saka.

- **2.2 og 4.1** Fylkesrådmannen noterer at det er kontrollert fem saker frå fylkesutvalet, ikkje fire som det står i punkt 2.2 og punkt 4.1.

Utover dette har ikkje fylkesrådmannen merknader til utkastet.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Besøksadresse:

Fylkeshuset

Postadresse:

Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

E-post:  
post@sfj.no  
Heimeside:  
www.sfj.no

Telefon:  
57638000

Bankgiro:  
4212 02 02000  
Org.nr :  
NO 941 388 841 MVA